



Stiftelsen Alversund Kyrjelydshus
Kyrkjevegen 45
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/3110 - 16/27904

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.10.2016

Vurdering av førespurnad om fritak frå søknadsplikt - gbnr 137/13 Alver

Vi viser til dykkar søknad datert 27.09.16, dagsett 29.09.16 i høve søknad om fritak frå søknadsplikt.

Administrasjonen har vurdert førespurnaden dykkar og finn ikkje grunnlag for å frita tiltaket frå søknadsplikt.

Dette er vurdert ut i frå at det er skissert bårerom i bygget og nærleik til kyrkje. Vidare følg det av kirkelova § 21 at bygging nærare kyrkje enn 60 meter skal på høyring til departementet (Biskopen i Bjørgvin) og at bygging nærare kyrkje enn 300 meter skal til høyring hjå bispedømmerådet jf. rundskriv T-3/2000.

- Tiltaket krev at det vert søkt om og gjeve dispensasjon frå plankravet gjeve i kommunedelplan Knarvik-Alversund § 2.3.
- Vidare er bygget plassert nærare kommunalt leidningsnett enn 4 meter og krev dispensasjon frå VA-norma i Lindås kommune.
- Tiltaket vil og truleg krevje at det vert innhenta samtykke frå Arbeidstilsynet jf. arbeidsmiljølova § 18-9.
- Avtala med Lindås kommune må dokumenterast ved søknad om løyve til tiltak.
- Dersom kyrkja er listeført må ein vurdere om saka må på høyring til riksantikvaren.

Tiltaket slik som det er skissert med bårerom, vil vere søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 20-2 bokstav a jf. § 20-3 krav om bruk av ansvarleg føretak.

Denne vurderinga er ei prosessleiane avgjerd og kan ikkje klagast på.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Stiftelsen Alversund Kyrjelydshus Kyrkjevegen 45 5911

ALVERSUND